Vikedal i Rogaland.

Sent ved Liva Solheim

Hjelpesmenn: lensm. h.v. Sev. Andreassen f. 16/3-78

Knut Lillemo f. 7/11-60.

# Transport av höy

1. Det har vori og er framleis noko skilnad på arbeidsmåtane på större og mindre bruk når ein skal få höyet i hus. På större gardar har dei hest og köyrer det inn, men på husmannsplasser og mindre gardar vert det å bera det inn på tau. Ein brukte mykje å slå i utmarka (utslått), men no er det heilt slutt med det her. Ein kan det rekna at det tok slutt for 50-60 år sidan. Det heldt seg lengst på småbruka med fjellslåtten. Ein stor part av höyet sitt fekk de fra fjellet för i tida. Dei som hadde hest köyrde det heim på vinterföret, andre bar det på ryggen eller velta det utfor fjellsida.

2. Når höyet skal transporterast til hesje eller turkeplass, vert det köyrt eller bore på tau. För lagat ein ei sloe av unge björkegreiner og drog det på den. Det vart kalla „å sloa höy" Ein drog helst eit halvt hesselass, men det kunne og vera meir når dei var godt mannskap. Ein lesste bakover, det måtte vera mest bakpå, og surra det godt fast med eit tau. Böra lagar ein av fanggjer (eint. eit fang) Ein tek tauet over aksla. Bararen får hjelp til å reisa

av ein som står bakom han og tillar under böra. Borna er alltid med og hjelper til i höyonna, dei rakar saman, lagar fengjar – og trakkar i lasset når ein köyrer höyet inn.
Når en för i tida skulle velte höyet nedover bratte fjell skrentar, nytta ein ei höyrodda. Ho var laga som ein sekk av bastetau – som ei grov not. Bastetauet var laga av lindebast. Ein veit ikkje om at dei hadde noko sers namn på denne fraktemåten.
Löypestreng kjende folk ikkje til i den tida dei brüka å slå i fjellet. Han har berre vori nytta til å löypa vedbörar. Ein kjenner heller ikkje til at det har vori nytta kiper eller trillebör til höytransport. Ein kjenner heller ikkje her höyfang. x

3. Fjellhöyet vart köyrt heim på vinterföret. Ein hadde utlöer i marka. Av dei finst det endå atterstöder sume stader.

4 För brüktest mykje ein slags slede som kalles „drog". Understellet var laget av 2 björkestenger (eit par tommar tjukke) på langs og 3 på tvers og eit eller to bord (fjöler) oppå. Ein la lange stranglar på sidene og knepte lasset godt til. No brükar ein helst ein hjulslede med to hjul. Den vert kalla höyslede, sjölv om han berre har hjul.
292 Her kallest det hjulslede når det er hjul under, men „kjelkaslede" når det er

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

meiar under. På høysleden settes ei grind framme og ei bak. Ein hadde som oftast ikkje skoning på vintersleden, men på hjula var det skoning. Ein nyttar same sleden til høy- og kornkøyring. Der var ingen reglar for kvar ein kunne køyra med meiar om vinteren, men andre tider når ein køyrde med hjul, måtte ein fara dei vanlege gardsvegar.

Sume sledar hadde grind rundt alle sider. Dei vart kalla „Korgasledar". Det var då fire grindar (av smale riper) som var bundne saman med vidjer. No brukar ein helst berre ei grind framme og ei bak. Ein lesser helst med høygaffel. Der er ein eller to oppi lasset til å trakka. Det er viktig at det vert gjort godt så det ikkje vert „baklesst", då kan det gå gale når det skal opp låvebrua. I eit lass reknar ein det går 2-3 skippund = 500 kg. Ein har ikkje nokon viss regel for kor stort siste lasset skal vera, men før i tida var det skikk at husbonden sjølv skulle sitja på det og køyra heim. Ein var nøye med at alt høyet skulle skrapast vel opp so ikkje noko vart liggjande att. Lasset vert fest med ei høystang. Ho har to ca 2 m. lange sidestykker og 2 ca. 1/2 m. lange tverrstykker og so eit langt tog til å knippa lasset.

Rogaland 2, Sigh.

292

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein har ikkje noko sers namn på det tauet som ein bind lasset. Å festa lasset med tau kallar ein å kneppa lasset. Hovolda kallar ein her hegla. Ein har berre hegl på byrdatoget. Ein kjenner ikkje her til at det skulle vera noko visst forhold millom höystakken og lasset eller millom sumar og vinterlasset. Ein brukar som regel berre ein hest for höylasset.

5. Ein kjenner ikkje her til at folk hadde fellesslått eller köyrde höyet samstundes.

6. No transporterar ein ikkje lenger höy frå utmarka, alt vert samla i löa om hausten.



Höylong.



Hegl til byrdetog
Vart laga av hegg.



Sloa.



Drög eller drögslede

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 292